

Surnadal Arbeiderparti

Program for perioden 2016 – 2019

Vedtatt på Medlemsmøte 26. november 2014

Helse og omsorg

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- vidareutvikle heimetenesta gjennom å bruke meir ressursar på forebygging, rehabilitering og behandling i heimen.
- førebygge rusmisbruk og konsekvensane av dette. Få på plass eit ambulerande rusteam og tilsette fleire faste psykologar.
- ha bofellesskap med dagaktivitetstilbod fleire plassar i kommunen og tilgang på tilrettelagde boligar i sentrum
- ha nok sjukeheims plassar og vurdere planar for eit helsehus, med godt kvalifisert personale
- meir samarbeid med utdanningsinstitusjonar i nærområdet, og gi ferdigutdanna helsepersonell tilbod om fast heilstilling.

Skule og utdanning

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- sikre alle elevar i grunnskolen eit godt læringsmiljø både sosialt og fagleg.
- auke antall heilstillingar innan oppvekstområdet.
- bygge ”nye Øye Skule” i valgperioden og sikre god utnytting av heile skuleområdet
- oppretthalde livskraftige skular med høg kvalitet som minimum er tredelte. D.v.s. skular som har minst 3 klassar og 30 elevar eller meir i snitt over 3 år.
- samarbeide med fylket, og være pådrivar for å utvikle og sikre eit attraktivt fagtilbod ved Surnadal vidaregående skule, slik at skulen vert førstevalg for elevar i inntaksområdet.
- arbeide for barnehagar med høg kvalitet og kompetent personale. Halde fram med rullerande barnehageopptak og tilby plass til alle som ønskjer det.
- gje tilsette i skule- og barnehage tilbod om kompetanseheving og eit godt arbeids- og fagmiljø
- støtte opp om vidare utvikling av Nordmøre Folkehøgskule

Arbeid og næringsliv

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- arbeide aktivt opp mot sentrale myndigheiter for å få gode rammevilkår og skape berekraftig utvikling for landbruket
- arbeide for at Trollheimen skal vera prioritert som beiteområde for husdyr, samt arbeide for at rovdyrforliket blir handheva.
- invitere universitets- og høgskulemiljøet til samarbeid om å legge aktuelle utdanningstilbod til Surnadal
- arbeide for Surnadal som knutepunkt for transport og logistikk, mellom anna gjennom ei styrka transportnæring og god, framtidsretta utvikling av hamneområdet.
- støtte etablering av nye, varige arbeidsplassar i kommunen, både i det offentlege og i privat næringsliv, samt arbeide aktivt for å behalda eksisterande arbeidsplassar. Næringsfondet er eit viktig verkemiddel i dette arbeidet.
- auke talet på kommunale lærlingeplassar, og oppfordre privat næringsliv om å tilby fleire lærlingeplassar

Kultur-kyrkje-fritid

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- ha stort fokus på folkehelse og friluftsliv, med m.a. merking av stiar, støtte til oppkjøring av skiløyper og drift av friluftsområde rundt om i kommunen.
- sikre eit godt og mangfaldig fritidstilbod i heile kommunen, slik at alle uansett føresetnadar, skal kunne ha eit godt tilbod.
- få store idrettsarrangement til Surnadal.
- arbeide aktivt for bygging av universelt utforma tursti/gangveg langs Surna elv.
- legge til rette for bygging av fotballhall/fleirbrukshall og utvikle og drifte nye og eksisterande idrettsanlegg i samarbeid med idretten.
- støtte opp om viktig frivillig arbeid som skjer i det store mangfaldet av lag og organisasjonar i kommunen.
- ha gode vedlikehaldne uteområde, gravplassar og kyrkjebygg i kommunen.
- gi Kulturskulen på Indre Nordmøre gode utviklingsmuligheiter.
- arbeide for at Surnadal folkebibliotek skal bli eit av dei beste i fylket.
- sikre museumsarbeidet og kulturvernet i kommunen.
- ha god ressursutnytting og forsvarleg forvaltning av jakt og fiske.
- få til ein regulert snøskutertrase frå austre til vestre Nordmarka.

Miljø og natur

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- halde trykket oppe for at den svært viktige miljørevisjonen i Surna og Bævra vil sikre livskraftige sjøaure- og laksestammar i vassdraga våre framover
- Ha fokus på miljøvennlege løysingar ved bygging av offentlege bygg.
- ha sikker tilgang til godt og reint drikkevatt for alle innbyggjarane
- hindre punktutslipp og arealavrenning frå landbruket og industrien, som skadar naturen
- legge til rette for miljøvenleg energiutbygging
- bruke energi og klimaplana aktivt og gjennomføre tiltak frå plana årleg

Samferdsel og kommunikasjon

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- Ruste opp og vedlikehalde Fv 65 tilpassa trafikantanes og næringslivets behov.
- gjera krysset mellom Fv 670 og Fv 65 på Skei trafikksikkert
- Sikre trygg skuleveg for elevane ved raskare bygging av gang- og sykkelveggar. Vi vil prioritera Syltørvegen og krysset ved Stangvik Oppvekstsenter høgt.
- realisere Todalsfjordprosjektet snarast muleg
- oppgradere bruer i kommunen til å tåle nødvendig tømmertransport for skogbruksnæringa
- arbeide for raskare tempo i asfaltering/reasfalteringsarbeidet av kommunale veggar. Plan for dette må komme til politisk behandling tidleg i perioden.
- Arbeide for god kollektivtrafikk i kommunen
- Vidareføra og gjere betre kjent ordninga med ”heim for ein 50 lapp”
- Arbeide for at Transporttenesta for funksjonshemma (TT) blir forsterka
- ha eit sikkert breiband og mobilnett i heile kommunen

Ungdom

Surnadal Arbeiderparti ønskjer å:

- gi ungdom tilgang til sin første bustad gjennom å leige eller å eige, samt å bygge hyblar/bustadar for studentar.
- fortsette med Camp Nordmøre for ungdom.
- vidareføre ordninga med ”Sommarjobb for ungdom”
- vidareutvikle ungdomsklubben og opprette ein rusfri treffstad/kafé for ungdom mellom 15 og 20 år.
- etablere fleire kommunale lærlingeplassar og stimulere til lærlingeplassar i privat næringsliv.
- gi ungdomsrådet saker med reell innflytelse.
- vidareutvikle Nordmarka skisenter og Surnadal alpinsenter også for sommaraktivitet.
- ha gode fritidstilbod og kulturskoletilbod for ungdom i kommunen vår

Å bo i Surnadal

Surnadal Arbeiderparti vil:

- stimulere til auka bustadbygging i heile kommunen
- legge til rette for tilflytting og bolyst
- at det skal bli gjennomgangsbustader fleire stader i kommunen
- ha aktivt bruk av startlån for å gi fleire mulighet til å realisere boligdrømmen
- gi folk med særskilte behov tilgang til eigen bustad
- at alle som har flytta, eller vil flytte til Surnadal, må bli godt mottekne og integrert som innbyggjarar av det offentlege, næringslivet og frivilligheita. Vi vil arbeide for å inneha eit program som styrkar det offentlege til å ivareta heile familien med skule, kultur, språk og fritid.

Nå er det opp til oss!

- Er dette et program vi kan stå for?
- Er dette et program vi er stolt av?
- Hva trenger vi mer for å vinne valget?
- Svar:
- En god valgliste med motiverte, flinke og engasjerte folk
- Et godt valgkamputvalg med ulike kvaliteter og god styring
- Klar for lista